



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato: 11.04.2019
Tidspunkt: 10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Sonja Hellen Sele
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 10/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 11/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 12/19	Orientering frå rådmannen - byggesøknad Brandasund-bakgrunn for avslag		2017/9
PS 13/19	Orientering frå rådmannen - vei til Gåsland gravplass		2017/9
PS 14/19	Orientering frå rådmannen - psykisk utviklingshemma i kommunen		2017/9
PS 15/19	Bestilling av nytt prosjekt etter plan for forvaltningsrevisjon		2015/68
PS 16/19	Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune		2015/76
PS 17/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/73
PS 18/19	Referatsaker		
RS 2/19	Melding om vedtak i KUV Fitjar kommune vedr. ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt om barnevernstenesta		2015/81
RS 3/19	Melding om vedtak i KUV Stord kommune vedr. ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt om barnevernstenesta		2015/81
RS 4/19	Innkalling til FKTs årsmøte 4. juni 2019 i Kristiansand		2019/13
RS 5/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019		2019/13
PS 19/19	Eventuelt		

PS 10/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 11/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2017/9-10
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	12/19	11.04.2019

Orientering frå rådmannen - byggesøknad Brandasund-bakgrunn for avslag

1.Bakgrunn for saka:

I kontrollutvalsmøte den 07.02.2019 under sak PS 6/19 Gjennomgang av møteprotokollar, vart mellom anna dette protokollert:

«Byggesøknad Brandasund. Bakgrunn for avslag på byggesøknad. Det vert vist til vedtak i utval for areal og samferdsel PS 16/2019, møte 30.01.2019

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte og orienterer gjeldande byggesøknad Selsøy.»

2.Drøfting:

Sekretariatet har i epost til rådmann vist til protokoll frå møtet i kontrollutvalet, og minna om at dette er ei sak til dette møte.

3.Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram under orienteringa frå rådmann, vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til eit vedtak. Denne saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2017/9-11
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	13/19	11.04.2019

Orientering frå rådmannen - vei til Gåsland gravplass

1.Bakgrunn for saka:

I kontrollutvalsmøte den 07.02.2019 under sak PS 6/19 Gjennomgang av møteprotokollar, vart mellom anna dette protokollert:

«Vei til Gåsland Gravplass. Bakgrunn for kvifor denne ikkje er kommunal lenger.»

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til neste møte og orienterer gjeldande vei til Gåsland gravplass.»

2.Drøfting:

Sekretariatet har i epost til rådmann vist til protokoll frå møtet i kontrollutvalet, og minna om at dette er ei sak til dette møte.

3.Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram under orienteringa frå rådmann, vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til eit vedtak. Denne saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2017/9-12
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	14/19	11.04.2019

Orientering frå rådmannen - psykisk utviklingshemma i kommunen

1.Bakgrunn for saka:

I kontrollutvalsmøte den 07.02.2019 under sak PS 9/19 Eventuelt, vart mellom anna dette protokollert:

«Kontrollutvalet ønskjer ein orientering frå rådmannen om antal psykisk utviklingshemma i kommunen og korleis disse er registrert og om kommunen mottok tilskudd frå staten, og kva slags tilbod/tilrettelegging dei har fått frå kommunen. Kontrollutvalet ønskjer og ei orientering om det er oppretta verge for dei.»

2.Drøfting:

Sekretariatet har i epost til rådmann vist til protokoll frå møtet i kontrollutvalet, og minna om at dette er ei sak til dette møte.

3.Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram under orienteringa frå rådmann, vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til eit vedtak. Denne saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2015/68-32
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	15/19	11.04.2019

Bestilling av nytt prosjekt etter plan for forvaltningsrevisjon

1. Bakgrunn for saka:

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020, vart godkjent av kommunestyret den 05.12.2016.

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak til plan for forvaltningsrevisjon**, i sak PS 112/2016 :

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.

Desse prosjekta vert prioriterte:

- 1) Forvaltningsrevisjon av tiltak mot mobbing og av leseopplæring i skulen.
 - 2) Forvaltningsrevisjon av bustting og integrering av flyktingar
 - 3) Forvaltningsrevisjon av tenestekontoret og ivaretaking av heilskaplege og koordinerte tenester
 - 4) Forvaltningsrevisjon av det kommunale tenestetilbodet i NAV
 - 5) Forvaltningsrevisjon av internkontroll
 - 6) Forvaltningsrevisjon av kontraktsoppfølging
 - 7) Forvaltningsrevisjon av barnevern
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
 3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
 4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innfor dei utvalde områda i planen.
 5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
 6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

2.Drøfting:

Kontrollutvalet bestilte i 2017 prosjektet som ligg som nr 1 i prioriteringa i plan for forvaltningsrevisjon «Forvaltningsrevisjon av tiltak mot mobbing og leseopplæring i skulen». Revisjonsrapporten vart lagt fram til handsaming for kontrollutvalet, i første møte 2018. I 2018 bestilte kontrollutvalet prosjekt nr 2 på lista, «Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktingar», revisjonsrapport vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 07.02.2019. I plan for forvaltningsrevisjon er prosjekt nr. 3 til 6 på prioritert liste omtalt slik:

Nr. 3: Forvaltningsrevisjon av tenestekontoret og ivaretaking av heilskaplege og koordinerte tenester.

For dette prosjektet er desse tema teke med:

- System, rutinar
- Organisering
- Regeletterleving
- Samhandling mellom relevante einingar
- Brukarmedverknad

Nr. 4: Forvaltningsrevisjon av det kommunale tenestetilbodet i NAV.

For dette prosjektet er desse tema teke med:

- System og rutinar
- Regeletterleving
- Tidsbruk

Nr. 5: Forvaltningsrevisjon av internkontroll.

For dette prosjektet er dette tema teke med:

- Bruk og kjennskap til elektronisk system og rutinar

Nr. 6: Forvaltningsrevisjon kontraktsoppfølging.

For dette prosjektet er desse tema teke med:

- System for å evaluere kontraktar
- System for å sikre at anskaffingsprosessar vert sett i gong i tide

Det er tid igjen for å bestilla nytt prosjekt. Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet diskuterer dei aktuelle prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon.

3.Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til kva prosjekt dei vil skal gjennomførast no. Det vert invitert til drøfting knytt til formulering av føremål, problemstillingar, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor frå Deloitte, som eventuelt skal utføre forvaltningsrevisjonen, deltek aktivt i dette arbeidet.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det blir utført.....innan.....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og tidspunkt for levering av revisjonsrapport.
3. Forslag til prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.04.2019
4. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet i neste møte

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020

Bømlo kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020



September 2016

Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020	7
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	8
3	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	9
3.1	Framgangsmåte	9
3.2	Gjennomføring og rapportering	9

1 Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.¹ Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.²

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

² Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

1.3 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.³

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking til administrative leiarar i kommunen.
- Spørjeundersøking til kommunestyrerepresentantane i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



³ For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalgsboken" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	Tema
1 Forvaltningsrevisjon av tiltak mot mobbing og av leseopplæring i skulen	<ul style="list-style-type: none">• Førebyggjande arbeid• Kompetanse• Internkontroll• Rutinar for brukarmedverknad• Rutinar for enkeltvedtak• Rett verktøy• Kompetanse• System og rutinar
2 Forvaltningsrevisjon av bustting og integrering av flyktingar	<ul style="list-style-type: none">• Busetjing• Opplæring i norsk og samfunnskunnskap• Introduksjonsprogrammet• Yrkesretta tiltak• Internkontroll
3 Forvaltningsrevisjon av tenestekontoret og ivaretaking av heilskapelege og koordinerte tenester	<ul style="list-style-type: none">• System, rutinar• Organisering• Regeletterleving• Samhandling mellom relevante einingar• Brukarmedverknad
4 Forvaltningsrevisjon av det kommunale tenestetilbodet i NAV	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Regeletterleving• Tidsbruk
5 Forvaltningsrevisjon av internkontroll	<ul style="list-style-type: none">• Bruk og kjennskap til elektronisk system og rutinar

6	Forvaltningsrevisjon kontraktsoppfølging	av	<ul style="list-style-type: none"> • System for å evaluere kontraktar • System for å sikre at anskaffingsprosessar vert sett i gong i tide
7	Forvaltningsrevisjon av barnevern		<ul style="list-style-type: none"> • Kostnader • Organisering • Tenester

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt	
1	Forvaltningsrevisjon av arbeidet med sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv
2	Forvaltningsrevisjon av legedekninga
3	Forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelsetenesta
4	Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta
5	Forvaltningsrevisjon av bruk av tvang overfor psykisk utviklingshemma
6	Forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i kommunale bygg
7	Forvaltningsrevisjon av kommunen si oppfølging av barnehagar
8	Forvaltningsrevisjon av vegvedlikehald
9	Forvaltningsrevisjon av system for registrering av styringsdata
10	Forvaltningsrevisjon av handsaming av søknader om tiltak i strandsona

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁴ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

⁴ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 232
Arkivnr: 2015/76-16
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	16/19	11.04.2019

Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune

Bakgrunn

Viser til utdrag fra brev av 21.02.2005, fra Skattedirektoratet:

"Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten. Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.

Kommunestyret/kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlege redegjørelse til kommunestyret/kontrollutvalget."

Skattedirektoratet har videre i brev dagsett 2.5.07 svart dette på førespurnad fra Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre når det gjeld kontrollutvalet sin innsynsrett og tilsynsrolle knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen:

"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 1.6.07 til Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

”Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist 1.6.07 til Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten gjer, etter det som går fram av brevet frå skattedirektoratet nemnt ovanfor, tilbakemelding til kommunen på korleis skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen fungerer. Rapporten kan difor betraktas som ein ”gratis” forvaltningsrevisjon og såleis hjelpe kontrollutvalet med å ”...føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret”, jf Forskrift om Kontrollutvalg § 4. Det vil difor vera naturleg at kontrollutvalet gjev ein uttale til kontrollrapporten frå Skatteetaten.

Drøfting

Det vart gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen den 22 og 23.08.2018. Skattekontoret har gjennomført kontorkontroll innafør følgjande hovudområder:

- Skatteoppkrevjaren sin overordna intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapan
- Skatte og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalde områder innanfor dei einskilde hovudområda. Det vart ikkje avdekkja tilhøve som tilseier at det vert gjeve pålegg eller tilrådingar ved kontorkontrollen.

Skattekontoret kan etter instruksjonen gje tilrådingar om tilhøve ved skatteoppkrevjarkontoret som gjeld andre funn ved skatteoppkrevjarkontoret. Skatteetaten har gjeve tilbakemeldingar på dette i avslutningssamtalen med skatteoppkrevjarkontoret. I brev av 03.09.2018 frå Skatteetaten til Skatteoppkrevjaren i Bømlo kommune har ein påpeika desse forholda:

- Internkontrollen
- Rutineskildringar
- Betalingsavtaler

Skattekontoret har gått gjennom innkrevjingsresultata pr. 31. desember 2018. Bømlo kommune kan vise til godt resultat i innkrevjing for innbetaling av skatt og arbeidsgjevaravgift. I det alt vesentlege viser også skatterekneskapan høg måloppnåing. Arbeidsgjevarkontrollen vert ikkje utført i eit tilstrekkelig omfang då det er utført 4,3 % kontrollar som er litt under minstekravet på 5,0 % av tal arbeidsgjevarar i kommunen. Dette er ein vesentleg betring frå 2017, då talet på utførte arbeidsgjevarkontrollar var 1,7 %. Kravet til avdekking med 65 % er heller ikkje nådd, der resultatet vart 60 %. Skattekontoret er klar over at dette er vanskeleg hjå mindre skatteoppkrevjarkontor som Bømlo. Kravet vart i tillegg auka frå 2017 til 2018 frå 50% til 65%.

Personellsituasjonen ved skatteoppkrevjarkontoret har også i 2018 vore utfordrande. Og i 2019 vil det og bli ytterlegare forverra grunna at skatteoppkrevjaren skal ut i fødselspermisjon.

I brevet frå Skatteetaten 05.02.2018 kjem det fram at skatteetaten i det alt vesentlege er nøgd, og at det i alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Konklusjon

Kontrollutvalet registrerar at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rett uttrykk for skatteinngangen. Utvalet merkar seg elles at arbeidsgjevarkontrollen i 2018 ikkje vert utført i eit tilstrekkelig omfang då det er utført 4,3% kontroller som er noko under minstekravet på 5,0% av tal arbeidsgjevarar, men og at dette er ein vesentleg betring frå 2017 då arbeidsgjevarkontrollen var 1,7%.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte, men utvalet merkar seg og at arbeidsgjevarkontrollen er noko lågare enn minstekravet, sjølv om det er ein vesentlig betring frå tidlegare år.
2. Årsrapport frå kemneren i Bømlo kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert send kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrollrapport 2018 - skatteoppkrevjar i Bømlo kommune
- 2 Rapport frå stadleg kontroll 2018 - skatteoppkrevjar i Bømlo kommune
- 3 Årsrapport og årsrekneskap 2018 for skatteoppkrevjar i Bømlo kommune



Datoen vår
05.02.2019

Datoen din/dykkar

Sakshandsamar
Liv Farestveit

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen din/dykkar

Telefon
55578425

Org.nr
974761076

Referansen vår
2019/5260711

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Bømlo kommune

5340 Bremnes

Kontrollrapport 2018 vedkommende skatteoppkrevjaren for Bømlo kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2016.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfylgging av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016
1,9	2,0	2,0



Det har vore utfordringar i 2018 med ressursar, og i 2019 vil det igjen bli endringar i ressursar når skatteoppkrevjar skal ut i fødselspermisjon.

3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Bømlo kommune viser per 31. desember 2018 ein endeleg skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) og vidareending plassering mellom kommunar på kr 1 420 634 639 og uteståande restansar² på kr 18 319 099, av dette krav stilla på vent kr 87 621.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Bømlo kommune.

	Resultatkrav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2016	94,3	97,5	96,7	96,7
Forskotstrekk 2017	99,9	100,0	99,9	100,0
Forskotsskatt personlege skattytarar 2017	99,0	99,8	100,0	99,6
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2017	99,8	100,0	100,0	99,2
Restskatt upersonlege skattytarar 2016	99,0	99,4	98,6	97,3
Arbeidsgjevaravgift 2017	99,8	100,0	99,8	99,9

Oversikta av innfordringsresultat viser for alle skattearter god innføring. For 2018 ligg alle resultat over krava.

Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Bømlo kommune er med i Hordaland Kommunale Rekneskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar i 2018	Utførte kontrollar 2018 (i %)	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utført kontroll 2018 region (i %)
416	21	18	4,3 %	1,7 %	4,6%

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skatteoppkrevjaren i Bømlo nådde ikkje kravet om 5% eller 21 arbeidsgjevarkontrollar i 2018. Men resultatet er betydeleg betre i forhold til dei siste åra. Fortsatt har kontoret utfordringar med ressursar. Kravet til avdekking med 65% er heller ikkje nådd, noko som ofte er vanskeleg hos mindre skatteoppkrevjarkontor. Kravet vart i tillegg auka frå 2017 til 2018 frå 50% til 65%. Skatteoppkrevjarkontoret hadde i 2018 ei avdekking på 60%.

4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ei årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skattekontoret har i 2018 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing 22. – 23. august 2018. Rapport er send skatteoppkrevjaren 3. september 2018.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
Skatteetaten

Oddmund Midtbø



For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarene rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skattereknskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Bømlo kommune
Kontrollutvalet for Bømlo kommune
Rådmann/administrasjonssjef for Bømlo kommune
Riksrevisjonen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.



Skatteetaten

Datoen vår
3.9.2018

Datoen din

Sakshandsamar
Liv Farestveit

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen din

Telefon
55578425

Org.nr
991733108

Referansen vår
2018/83995

Postadresse
Postboks 8103
4068 Stavanger

Skatteoppkrevjaren i Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen for Bømlo kommune 2018

Vi viser til kontrollbesøket vårt 22. – 23. august 2018 utført av Liv Farestveit frå Skatt Vest. Til stades frå skatteoppkrevjarkontoret var Manuela Belic. Kontoret var varsla om kontrollbesøket i e-postane våre av 14. juni og 20. august 2018.

Kontrollen vår byggjer på *Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverkontorene*, fastsett av Skattedirektoratet 16. mai 2018. Instruksen gjeld skattekontora sin kontroll av skatteoppkrevjarkontora sine oppgåver knytt til føring av skatterekneskapen, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll etter lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (Skattebetalingsloven).

Føremålet med instruksen er å medverke til at skattekontoret gjennomfører kontrollaktivitet som avklarar om skatteoppkrevjaren sin faglege utføring av oppgåvene ved skatteoppkrevjarkontoret følgjer lover og regelverk, og eventuelt gjev pålegg om retting av tilhøve eller endring av praksis.

1 Omfang og føremål med kontrollen

Kontrollen har omfatta følgjande hovudområder:

- skatterekneskapen
- innkrevjingsarbeidet

Skattekontoret har avgrensa kontrollen til å gjelde utvalde områder innanfor det einsskilde hovudområdet.

2 Oppfølging av pålegg frå tidlegare kontrollar

Skattekontoret har ingen pålegg til oppfølging frå tidlegare kontrollar.



3 Pålegg som følge av denne stadlege kontrollen

Pålegg vert gjeve når kontrollen avdekkjer brot på lover, føresegner, instruksar og regelverk elles. Pålegga er anten krav om at eksisterande tilhøve skal rettast, eller om at kontoret sin praksis må endrast.

Det er ved denne kontrollen ikkje avdekkja tilhøve som tilseier at det vert gjeve pålegg.

4 Tilbakemeldinger i avslutningssamtalen

Skattekontoret ga i avslutningssamtalen tilbakemeldingar om einskilde tilhøve ved skatteoppkrevjarkontoret, og desse vart avklara under samtalen.

Internkontrollen:

Skatteoppkrevjar må ta ut rapportar på dei ulike områda for å kontrollere vedlegga i ettertid. Denne kontrollen må gjerast løpande i tråd med nedskrivne rutinar (ta rapportar ut kvart kvartal) og ikkje lenge etter at registreringa var gjort. Ved kontrollen vår fann vi at f.eks manuelt etablerte krav som var registrerte dei tre siste kvartala i 2017 ikkje vart kontrollert før i april 2018. Skatteoppkrevjar var klar over dette og forklarte at utfordringane med sykmelding og endra bemanning gjorde at skatteoppkrevjar ikkje var heilt ajour med internkontrollen ved kontoret. Skatteoppkrevjar reknar med at ajourhald blir betre framover.

Rutineskildringar:

Skatteoppkrevjar må halde fram med dette arbeidet; det vil seie oppdatere og forbetre rutineskildringane på dei ulike områda. Det vart avtalt at skatteoppkrevjar sender desse fortløpande inn til skattekontoret ved kontrollgruppa.

Betalingsavtalar:

Vilkåra for betalingsavtale går fram av SKD-melding 9/11, 8. juli 2008, pkt 3.1.1 til 3.1.4. Under kontrollen fann vi søknad og økonomisk dokumentasjon i alle saker, men fann at skatteoppkrevjar si drøfting av vilkåra for betalingsavtale kan gjerast meir synleg. Dei aktuelle avtalane som ble kontrollert i år, vart sakshandsama av tidlegare skatteoppkrevjar Synnøve Totland og Jorunn Wilhelmsen. Skatteoppkrevjar er klar over at dette ble gitt som ein merknad etter kontrollen i fjor og har i sakshandsaminga si skriftleggjort vurderinga av vilkår for betalingsavtale. Dette må for framtida gjerast i alle betalingsavtalar ved kontoret.

5 Skatteoppkrevjarkontoret si tilbakemelding på rapporten

Dersom noko er uklart eller misforstått frå vår side, eller det er andre spørsmål til rapporten, kan De venda Dykk til underteikna.



Vi takkar for god hjelp i samband med vårt kontrollbesøk og håpar at det gode samarbeidet held fram.

Med helsing

Jan Kåre Strøm
underdirektør
Avdeling Innkreving
Skatt vest

Liv Farestveit
kontrollør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.

Organisering Skatteoppkrever
Arbeidsgiverkontroll Margin Skatteregnskap
Innfordring

Årsrapport

Årsrapport for 2018

**Skatteoppkrevjaren i
Bømlo kommune**

1. Generelt om Skatteoppkrevjarens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skatteutval	5
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen	5
2. Skatterekneskapet	5
2.1 Avlegging av skatterekneskapet	5
2.2 Vurdering av skatteinngangen	5
2.3 Margin	6
3. Innfordring av krav	6
3.1 Restanseutviklinga	6
3.2 Innfordringas effektivitet	8
3.3 Særnamskompetanse	9
4. Arbeidsgjevarkontroll	9
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	9
4.2 Planlagde og gjennomførde kontrollar	9
4.3 Resultat frå kontrollane	9
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	9
4.6 Gjennomførde informasjons- og veiledningstiltak	10

1. Generelt om skatteoppkrevjarens verksemd

Skatteoppkrevjaren skal i henhold til Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide ein årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkrevjaren også utarbeide eit årsregnskap som vedleggas årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle korleis oppgåvene skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll er ivaretatt ved skatteoppkrevjarkontoret.

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse

Organisering

Skatteoppkrevjaren i Bømlo har ved årsskifte 2018/2019 2 stillingar på 100%. Skatteoppkrevjar er inntil vidare sjukemeldt i 20% og skal gå ut i fødselspermisjon 16.04.2019. Det er utlyst 100% stilling som vikar på skatteoppkrevjarkontor. I 2018 hadde SKO lønna permisjon i 20% frå januar til midten av september og jobba i 100% til 10.12.2018.

Rekneskapskontrollør/Sakshandsamar blei fast tilsett frå 01.08.2018 og jobbar frå januar 2019 med oppgåver innan skatteoppkrevjarfunksjonen 100%. I 2018 var vedkommande tilsett som vikar i 40% stilling frå 01.01.2018 – 31.07.2018. Frå august til oktober 2018 brukte Rekneskapskontrollør/Sakshandsamar ca. 50% av stillinga på skatteområdet. 50% var kommunale oppgåver. Omtrent frå november 2018 brukte Rekneskapskontrollør/Sakshandsamar ca 80% av sin stilling innan skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tidlegare Rekneskapskontrollør/Sakshandsamar jobba i januar 2018 ca. 80%, frå februar til mai 90% og frå byrjinga av juni til slutten av juni 50% på grunn av sjukdom.

Det viste seg at året 2018 og var preget av utfordringar med omsyn til ressursar.

I tillegg til SKO og Rekneskapskontrollør/Sakshandsamar har ein tilsett frå økonomiavdelinga utanfor skatteavdeling tilgang til skattesystemet og banken og kan attestere/anvise og godkjenne betalingsoppdrag i skattesystem og banken dersom det trengs i situasjonar med fråvær/sjukdom/ferie. Økonomisjef og tidlegare Rekneskapskontrollør som no er tilsett som Konsulent rekneskap har også tilgang til skattesystemet, men er for tida ikkje satt som aktiv i Sofie. Vedkommande kommer tilbake frå foreldrepermisjon frå mars 2019 og skal sannsynlegvis overta oppgåver innan skatteoppkrevjarfunksjonen i ca. 20%.

Skatteoppkrevjar i Bømlo kjøper også tenester innan arbeidsgjevarkontroll frå Hordaland Kommunale Regnskapskontroll i Bergen.

Ressursar

For 2018 er det 1,9 årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som nyttas til skatteoppkrevjarfunksjonen. På grunn av utfordringar i 2018 med ressursar som er skildra under organisering konkluderte Skatteoppkrevjaren i Bømlo med at det blei brukt 1,9 årsverk for oppgåver innan skatteoppkrevjarfunksjonen. Ressursar som HKR brukte for gjennomføring av arbeidsgjevarkontroller på vegne av skatteoppkrevjaren i Bømlo er inkludert.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	0,5	26,3%
Innfordring	0,7	36,8%
Arbeidsgjevarkontroll	0,6	31,6%
Administrative oppgaver	0,1	5,3%
SUM	1,9	100 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

I 2018 hadde vi på skatteoppkrevjarkontoret fokus på deltaking på kurs angående arbeidsgjevarkontroll for å legge til rette for at våre rekneskapskontrollører kan gjennomføre egne arbeidsgjevarkontrollar. På det område har rekneskapskontrolløren bygget seg opp kompetanse til å gjennomføre skattetrekkkontroll, utvida arbeidsgjevarkontroll og personallistekontroll. Rekneskapskontrollør deltok i tillegg på SKO-Konferansen, Fagdagar og Kontroll-konferansen.

Skatteoppkrevjaren deltok på SKO-konferansen og fagdagar på foredrag hovudsakeleg innan innfordring. Med omsyn til at vi er et lite skatteoppkrevjarkontor og må dekke alle oppgaver innan skatteoppkrevjarfunksjonen er det viktig for oss med opplæring og kurs også framover. Ikkje minst sidan det også blir endring i personell i 2019 på grunn av fødselspermisjon til Skatteoppkrevjaren.

Skatteregnskap

Innan skatteregnskap har Skatteoppkrevjar og Rekneskapskontrollør god kompetanse. Ved behov kontaktast Sofie Brukarstøtte.

Innfordring

På innfordringsområdet har Skatteoppkrevjar god kompetanse. I kompliserte og omfattande saker søker SKO hjelp hos nabokommunane, Skatteetaten og Sofie Brukarstøtte. På SKO-konferansen og Fagdagar i 2018 har SKO fått med seg tips om for eksempel vurdering av objekt som kan tas utlegg i. For 2019 påreknast ein god del opplæring og kursing med omsyn til fødselspermisjonen til SKO. Rekneskapskontrollør har grunnleggande kunnskap i innfordring.

1.2 Internkontroll

Skatteoppkrevjar har helde på med formulering og oppdatering av rutinebeskrivingar i 2018 og skal fortsette med det også i byrjinga av 2019. Rutinebeskrivingar for overføring herrelause poster er på plass. På grunn av utfordringar med ressursar i 2019 er rutinebeskrivingar for arbeidsgjevarkontroll og spesielt Utplukk av arbeidsgjevarkontrollobjekt ikkje ferdigstilt til no. Skatteoppkrevjaren held på med dette og håpar at den skal være på plass i slutten av mars 2019. Det manglar framleis rutine for tvangsdekning.

